

LINDÅS KOMMUNE
Lindås kommune Eigedomsdrift
Stølen 7
5911 ALVERSUND

Deres ref:
Vår ref: 2019/012593
Dato: 15. januar 2019
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



Det er på tide å rapportere vassverkdata for året 2018

De har eit vassforsyningssystem som produserer minst 10 m³ drikkevatn i døgnet. Det svarer vanlegvis til at det forsyner minst 50 menneske eller 20 bustader/hytter med vatn.

Godt drikkevatn er av stor samfunnsmessig tyding, og plikta til å rapportere data om vassforsyninga er stadfesta i forskrift om vannforsyning og drikkevann (drikkevassforskrifta). Slik hjelp de Mattilsynet med å sikre vassforsyninga i ein beredskapssituasjon og med å føre tilsyn med vassforsyningssystema. Mattilsynet leverer og data til ei rekke andre aktørar, som Statistisk Sentralbyrå, Folkehelseinstituttet og EU. Dataa vert nytta i viktige politiske avgjerder, både lokalt og nasjonalt.

Du som vassverkseigar har også ifølgje drikkevassforskrifta plikt til å informere publikum om forhold omkring vassforsyninga og kvaliteten på drikkevatnet.

Frist for innrapporteringa er 15. februar 2019

Om du gir mangelfulle opplysingar kan det leie til at rapporten blir sendt i retur. Om du ikkje rapporterer innan fristen, eller unnlét å rapportere, kan det leie til tvangsmulkt.

Korleis rapportere

Rapporteringa gjer du på internett gjennom Mattilsynet si skjematjeneste. Du kan gå inn via www.mattilsynet.no under tema «Vann» og vidare «Vannforsyningssystemer». Under overskrifta Skjema: klikk på linken «Årlig innrapportering av vannforsyningssystemer».

Her ligg også rettleiing til innrapporteringa. Les ho før du startar.

Viktig

- Svar på alle felta.
- Kontroller at riktig kontaktperson og kontaktinformasjon ligg inne.
- Det er viktig at de legg inn riktige opplysingar om alternativ og reservevassforsyning. Legg inn kor mange personar den alternative vassforsyninga kan forsyne, og kor lenge dei kan forsynast.

Ting å vere klar over

- Kontroller at tala du legg inn er riktig. Dette gjeld særleg for analyseresultata.
- Bruk same eining som i drikkevassforskrifta. Resultatet frå laboratoriet kan vere angitt i mikrogram (μg), medan forskrifta nyttar milligram (mg). 1 mg svarer til 1000 μg . Eksempel: laboratoriet gir verdien 200 $\mu\text{g/l}$. Skriv det som 0,2 mg/l i rapporteringa.
- Det kan løne seg å ta kontakt med laboratoriet de bruker. Dei kan ofte lage ein samlerapport for analyseresultata i den forma som skal rapporterast inn.
- Hugs at det er alle rutineprøver (råvann, A- og B-prøver), jf prøvetakingsplanen, som skal rapporterast. Ikkje ekstraprøver.

Med hilsen

Randi Øyen Afdal
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*